



# Øystre Slidre kommune

## STAB

Bygdinvegen 1989 2940 Heggenes

---

Til medlemmane i eldrerådet

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkiv:	Vår dato:
	ROBMÅL - 20/11523	033, &17	03.12.2020

### Protokoll frå møte i eldrerådet 2.desember 2020

Tilstades: Solveig Rydland, Gudbrand Dahle, Morten Steinsrud og Bjørn Kjensli

Andre: Målfrid Robøle(sekretær)

Fråvær: Astrid Lunde

- Sak 47/20 Godkjenning av innkalling og sakliste  
Vedtak:  
Samrøystes godkjent
- Sak 48/20 Godkjenning og underskrift av protokoll frå møte 11.11.2020  
Solveig Rydland, Gudbrand Dahle og Morten Steinsrud underteikna protokollen  
Vedtak:  
Samrøystes godkjent
- Sak 49/20 Orientering om kommuneplanen sin samfunnsdel v/ordførar Odd Erik Holden  
Presentasjonen ligg vedlagt  
Innspel til Kommuneplanen sin samfunnsdel:  
«For å lukkast med eit godt lokalsamfunn for alle i kommunen vår, ber eldrerådet om at eldre og vert involvert og sett på som ein resurs»  
Jamfør «Håndbok i aldersvennlige lokalsamfunn»  
Vedtak:  
Orientering teke til vitande
- Sak 50/20 «Nytt frå kommunestyret» :  
\*Økonomiplan -pr i dag er det ubalanse på 12 millionar kroner. Øystre Slidre kommune jobbar fram balansert økonomiplan.  
Den leggast ut på høyring 3.desember og vedtakas 17.desember 2020  
Forslag til høyringssvar i økonomiplanen og budsjettet:  
«Eldrerådet stiller seg kritisk til dei føreslegne kutta i nattevaktstillingar på det nye helsetunet vårt, og stiller spørsmål om dette er rettleg fagleg vurdert.  
Eldrerådet kjenner på dette som uforsvarleg, då det og kan bli vanskeleg å rekruttere folk til så belasta stillingar. Eldrerådet har forståing for at det er vanskeleg å gjera kutt, men ber om, så langt det er råd, ikkje å gjera kutt innan helse og omsorgssektoren. Eldrerådet ber og om at det ikkje vert auke i eigedomsskatten i denne omgang, då dette vil ramma særleg dei med låg pensjon og som sit med store hus og eigedomar.

\*Retningslinjer for delingssaker – saka er utsett

Vedtak:

Orientering teke til vitande

Sak 51/20 Møter i eldrerådet 1.semester 2021:

Forslag: Tysdag 16.02  
Tysdag 23.03  
Tysdag 27.04  
Tysdag 15.06

Vedtak:

Samrøystes godkjent

Sak 52/20 Nye innspel sidan sist:

\*spørjeundersøkning retta mot eldre – er under arbeid  
\*kantine/kafèdrift på nye Helsetunet – saka er utsett til over nyttår  
\*invitasjon til digitalt møte om «Leve hele livet» i kommuneplan-ingen endring  
\*innspel til reglementet for eldrerådet i Øystre Slidre – må sjå på det over jul

Sak 53/20 Tilleggs-sak: E-post frå Frivilligsentralen / Julemat til trengande

Vedtak:

Eldrerådet har ikkje eige budsjett og kan difor ikkje ta del i dette  
Samrøystes godkjent

Med helsing

Målfrid Robøle  
sekretær

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.